



## Norges Fiskarlag

### Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	23.09.2024

## Regulering av fisket etter makrell i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag viser til at endeleg makrellkvote for 2024 ikkje var klar før 1. juli på grunn av at avtala med Storbritannia og Føroyane ikkje var inngått før 17.06.2024. Avtala har ein varighet på 3 år. Ein ser det som viktig at kvotane på fartøynivå er klar frå nyttår, då det er fleire moment som er med på å tel i høve kor tid, og kor, ein vel å fiske kvoten sin. Dette spesielt når kvoteavtala er på plass.

I forhold til overføring av kvantum frå 2023 til 2024 meiner styret at det var ein svært uoversiktleg prosess. I tillegg innførte ein nye prinsipp i pelagiske fiskeri der ein fekk overført 10% på fartøynivå i tillegg til at ein fekk overført 10% på gruppenivå. Ein trakk òg eit kvantum frå dei ulike reguleringsgruppene etter fordelingsmodellen i og med at ikkje 90% av den norske kvoten blei oppfiska. Styret er ikkje kjent med at dette er blitt gjort i andre fiskeri, og ein **stiller fortsatt spørsmål ved måten kvotefleksibiliteten for makrell blei gjennomført mellom 2023 og 2024, jf. styrevedtak 35/2024 (25.06.2024)**. Ein er kjent med at enkelte fartøygrupper tidlegare har fått overført utover 10% på gruppenivå, då ein har vore innafør 10% på totalnivå, ut i frå diskusjon med næringa. Noko som ikkje kan samanliknast med overføringa mellom 2023 og 2024.

### Farvannsadgang britisk sone

Styret føreset at ein benytter fordelingsnøkkelen i forhold til fordeling av adgangen i britisk sone. I kystgruppa må ein ta med seg at det dei fleste fartøy som deltar i britisk sone er over 15 m.

*Styret meiner at Norges Fiskarlag bør utrede ei prøveordning i pelagisk trål om ein bør kunne byte soneadgang mellom fartøy og grupper t.d. i fisket etter makrell og nordsjøsild. Det må gjerast enkelt ved ei meldingsordning til Norges Sildesalgslag eller Fiskeridirektoratet.*

### **Agnkvote**

Styret i Sør-Norges Fiskarlag er prinsipielt i mot agnkvote, men om forvaltinga fortsatt skal tildele agnkvote må den fiskast i norsk sone.

### **Ringnot/SUK**

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at ringnot- og SUK-gruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

### **Trål**

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at trålgruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

### **Kyst**

#### Kvotesamarbeidsordning

Ein ser det som viktig at den minste flåten har vilkår som gjer at ein kan gjennomføre eit effektivt fiske når fisken er tilgjengeleg langs kysten. Kvotesamarbeidsordninga som blei gjennomført i 2023, har blitt sett på som positiv av dei aller fleste. Ordninga, i tillegg til samfiske, bør vidareførast i 2025 om ikkje ID-kvotordninga blir innført.

#### Levering direkte frå not

Styret forutset at ordninga blir vidareført.

#### Samfiske

Styret meiner at kravet om 20% restkvote med samfiske må fjernast då ein meiner at den er utdatert, jf. Kapittel VII, Samfiske og samføring av pelagiske fangster, § 34, Krav til fartøy som skal drive samfiske i høstingsforskrifta :

Fartøy som har drevet selvstendig fiske i et kalenderår, kan ikke delta i samfiske i samme kalenderår, med mindre fartøyet har minst 20 % igjen av egen kvote hver gang fartøyet skal drive samfiske. ([https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-12-23-3910/KAPITTEL\\_9#KAPITTEL\\_9](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-12-23-3910/KAPITTEL_9#KAPITTEL_9))

#### Samføring - føringspool-ordninga, kategori 4-fartøy

Styret meiner at samføringsordninga må vidareførast.

I forhold til skiving av landings-/sluttsetel og rapportering ved føring med kategori 4 -fartøy meiner styret at det må gjerast enklare enn i dag.

#### Fiske med lys ved definerte elvemunningar

Styret vil peike på at ein finn det svært urimeleg at ein ikkje kan drive fiske med lys etter pelagiske artar inn til definerte elvemunningar, eventuelt 100 m frå dei definerte elvemunningane, så lenge ein ikkje får bifangst av laksefisk eller andre artar utover lovleg

bifangst. Vidare er det også utfordrande med forskjellige begrensinger i dei forskjellige fylka og at denne informasjonen ikkje er å finne på til dømes Fiskinfo. Styret ser positivt på at Norges Fiskarlag no i haust har bede om møte med Miljødirektoratet om saka, då det er ei svært viktig sak for den minste kystflåten i vårt område.

#### Kvotefleksibilitet

Styret meiner på prinsipielt grunnlag at ein må unngå fangst utover 110% på fartøynivå, inklusiv bifangst, då det ved dagens regulering går utover gruppeknoten påfølgjande år samt eventuelt soneadgang for enkeltfartøy inneverande år. Styret meiner at det ikkje skal vere lov å gå på ny tur når ein har tatt 100% av årets kvote (alternativt i tillegg eit kvantum). Styret føreslår likevel unntak for fartøy som låsset fangst (umuleg å estimere) og fartøy under 15 m største lengde.

I tillegg må låssatt fangst utover 110% kunne overførast til anna fartøy ved levering. Det vil vere eit ressurs- og miljøsparande tiltak.

#### Prøveordning med bruk av snurrevad

Styret viser til at det har vore gjeve løyve til prøvefiske, etter søknad, i Ognabukta dei siste åra, jf. § 16. Det har dessverre til tider vore problematisk å få inspektør som kravd. Noko som har vore til hinder for utøving av fisket. Ein ser positivt på at det frå 2023 er innført alternativ med at ein melder frå kvelden før levering (innan kl. 2100) kor ein skal levere, slik at inspektør eventuelt kan vere på mottaket, jf. løyve fartøy har mottatt.

Då dette er eit kystnært fiske meiner ein at det kun må gjelde fartøy med største lengde under 15 m.

Styret føreslår i tillegg;

- området for prøvefisket blir utvida til Bømlo-Lindesnes
- oppstart i oktober
- melding til Fiskeridirektoratet 2 dagar før fiske tar til

Ovannemnde vil gje eit større grunnlag for å evaluere ordninga.

#### Tradisjonell rett (landnot)

Styret meiner at kriteria for å få tildelt ein tradisjonell rett må følgjast opp av Fiskeridirektoratet.

Med helsing  
**Sør-Norges Fiskarlag**

**Janita Arhaug**  
Dagleg leiar

**Britt Sæle Instebo**  
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag, Fiskebåt

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.*